

Kyrkjjetonar



Siste dagen i høgtida, den store festdagen, stod Jesus fram og ropa: «Den som tørstar, skal koma til meg og drikka. Den som trur på meg, frå hans indre skal det, som Skrifta seier, renna elvar med levande vatn.» Dette sa han om Anden dei skulle få, dei som trudde på han. For endå var ikkje Anden komen, for Jesus var endå ikkje herleggjord.

Joh 7, 37-39

Framsidediletet:
Leiar i 17.maikomitéen, June Grønnestad, legg ned krans ved minnesmerke ved Bokn kyrkje for "dei som er komne bort på havet"
foto: Marie Vågshaug

Kyrkjetonar

Utgivar: Sokneråda i Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn.
Fire nummer i året: mars, juni, september og desember
Redaktør: Ståle Hustoft,
Nedstrandsvegen 1488, 5560 Nedstrand.
Mobiltelefon 900 26 142,
e-post: hustoft@hustoft.net
Redaksjon: Marie Vågshaug, Steinar Høyvik,
Ingrid Hustoft Landro og Liv Jorunn Frønsdal
Post til redaksjonen kan også sendast:
Kyrkjekontoret, 5570 Aksdal, telefon:
52 75 77 00, telefaks: 52 75 77 10
Girokonto: 3240.17.27697
VIPPS-nummer: 523083
Frivillig kontigent: kr. 200,-

Grafisk utforming: Ståle Hustoft

Barn, ikkje tenar

2022 er frivillighetens år. Me skal feira og vera takknemlege for dei frivillige, og kanskje rekrutera nye.

Arbeidet i kyrkja, både nasjonalt og lokalt, er samansett av frivillige, folkevalgte og tilsette. I dette nummeret vert du presentert for ein av dei aktive frivillige i vårt område. Fleire vil bli presentert framover, både på nettsida og i Kyrkjetonar.

Anten ein gjer sin innsats som frivillig eller tilsett i kyrkja, treng ein av og til å få leggja ned arbeidet og få kvila, slik Sølvi Hopland syng i "Barn, ikkje tenar"

Barn, ikkje tenar!

av Sølvi Hopland

**No skal du få vere barn, og ikkje tenar
No kan du vere liten, ikkje stor
Ingen spør deg kva du syns og kva du menar
det e'kje du som skal forsvare mitt ord**

**No skal du få sleppe hendene mine langs sida
du må'kje tru at du skal bere meg
Som om eg må holdast oppe heile tida
ikkje gløym at det er eg som bere deg.**

**No skal du få vere svak, legg bort din styrke
Eg lever fortsatt, sjølv når du er død.
Det er faren når mitt ord har blitt ditt yrke:
du tenker mest på alle andre du skal fø.**

**No skal du få lov å lytte, ikkje tale
no kan du ta imot, og ikkje gje
Du kan gråte ut for alt som har gått gale
eg vil holde deg og gje deg av min fred.**

**Eg ropar igjen, har prøvd så monge gonger:
Eg elsker deg, mitt barn, eg ELSKAR deg!
Du er ikkje uunnværlig som min tenar
men som barnet mitt er du umistelig.**

*Ståle Hustoft
Redaksjonen avslutta 29. mai*

redaktørens hjørne

Dåp for alle

av Eva Birkeland

Alle er velkommen til dåp i Den norske kirke. Enten du ønsker barnedåp, voksendåp eller "dropp-inn-dåp", dåpen er en tradisjonsrik og høytidelig feiring av livet, uansett.

Vil du la barnet ditt bli døpt? Eller vil du bli døpt selv? Barn, unge og voksne er like velkomne til dåp. Den som døpes blir medlem i Den norske kirke.

Velkommen til å ta kontakt med din menighet eller en annen menighet hvis du vil bli døpt, eller du ønsker å la barnet ditt døpes. Så vil vi i lag finne dag og sted som passer deg.

Du kan også melde inn dåp til en av våre oppsatte gudstjenester via vår nettside www.tysvaerkirken.no. I dåpen blir vi møtt av Guds kjærlighet. Dåpen er et tegn på tilhørigheten mellom Gud og det enkelte menneske, og en gave som det bare er å ta imot, uansett når i livet vi døpes.

Dropp-inn-dåp på Haugalandet

Etter høstferien 2022 vil det bli tilbud om "dropp-inn-dåp" tre lørdager, fordelt på forskjellige kirker.
22. oktober: Vår Frelser kirke
29. oktober: Ølen kyrkje
5. november: Aksdal kyrkje.
I tillegg på Utsira en av disse dagene.



Kyrkja deltok på Tysværdagen

På Tysværdagen 21. mai var Aksdal kyrkje presentert med utstilling av dåpskjoler/-klær, stand med kyrkjenær (bilde til venstre), dåpsskole, minikonsert med dåpssalmer m.m.

Bilde over: Dåpskjole sydd av brudesløret.

Bilde under: Utstilling av dåpsklær. Bunadsbukser sydd av gammel smoking.



Dåpskjole fra 1700 tallet

Sigrid Hermine Wessel (bilde til høyre) med et bilde fra dåpen i 1945, sammen med mor Johanna Theodora Skeiseide og far Åge Berge Skeiseide. Sigrid er den ene av to som er døpt i denne dåpskjolen på gården. Kjolen er nå på museet i Stavanger. Mønsteret er brodert med gull og sølvtråder på silkestoff.

Museet i Stavanger går ut fra at den er sydd av en gammel ballkjole som antas å være brukt på det franske hoffet på 1700-tallet, fordi at det var i Frankrike slike stoff ble brukt.

Ingen vet hvordan dåpskjolen er kommet til Skeiseidegården.



Hellig vann

Tekst, melodi og presentasjon av Hilde og Trond Trætteberg Serkland

*Dager, timer, hver er kort sekund.
Alt renner bort, så er det ikke mer.
Snart er også denne dagen over,
er livet bare mange ting som skjer?
Jeg vet ikke alltid om jeg tror på deg.
Men jeg tror jeg vet at du har tro på meg.*

*Refr.: Så dukker jeg ned i hellig vann.
Der tar du imot med åpne armer.
Det er så mye større enn jeg ser og aner.
Alt blir forandret, tenk at det går an.
Alt blir forandret, tenk at det går an.*

*Hva betyr det i en verden stor
at jeg står her, med alt jeg er og vil?
Du har sagt at du er kjærligheten,
og elsker meg fordi at jeg er til.
Jeg vet ikke alltid om jeg tror på det.
Men jeg tror jeg vet at du vil være med.*

*Refr.: Så dukker jeg ned i hellig vann.
Der tar du imot med åpne armer.
Det er så mye større enn jeg ser og aner.
Alt blir forandret, tenk at det går an.
Alt blir forandret, tenk at det går an.*

*Dager, timer, hvert ett kort sekund.
Snart er det glemt, snart er det ikke mer.
Denne dagen blir alt nytt i dåpen.
og nå er du med meg i alt som skjer.
Du som aldri renner vekk, som husker meg.
Du som sier "Barnet mitt. Jeg er hos deg"*

*Refr.: Så dukker jeg ned i hellig vann.
Der tar du imot med åpne armer.
Det er så mye større enn jeg ser og aner.
Alt blir forandret, tenk at det går an.
Alt blir forandret, tenk at det går an.*

Den nye dåpssalma "Hellig vann" er ein del av prosjektet "Salmar for dagane"

"Salmar for dagane" er Trond og Hilde Trætteberg Serkland sitt prosjekt med å skrive salmer for menneske i dag, som kan speile livene våre og hverdagen vi lever i.

I løpet av 2020/21 slipper vi én og én salme digitalt med tilhørende noter, i alt 8 salmer.

Tanken er at prosjektets ulike salmer utfyller hverandre, og til sammen er salmer for både hverdager og festdager. Vårt mål er å skrive tekster med et språk som inkluderer framfor å ekskludere, og melodier som er gode å synge. Vårt ønske er å skrive salmer som snakker sant om livet - og som kan brukes både i og utenfor kirken.

HELLIG VANN er en dåpssalme for konfirmanter og unge voksne. Den ble skrevet som et bidrag til Borgund bispedømme sin salmekonkurranse i 2020 hvor de ønsket nye dåpssalmer for ungdom. Den nådde ikke helt opp i konkurransen, men blir brukt mye i dåp av ungdom og på konfirmasjons-gudstjenester.

"Hellig vann" er en salme om å tro at en tror mer enn en ikke tror, om å bli tatt imot og om at det finnes en som holder fast selv om alt annet slipper.

Trond Trætteberg Serkland er overlege i Klinisk farmakolog ved Haukeland sykehus. Han har vunnet en salmekonkurranse i Slettebakken menighet, og jobber for tiden med et skriveprosjekt hvor han skriver korttekster til de ulike perlene i Kristuskransen.

Hilde Trætteberg Serkland er skuespiller, tekstforfatter og låtskriver. Hun gav i 2019 ut sin første soloplate, "Puste i firkant" som fikk fin mottakelse, og jobber nå med sitt neste album som kommer i 2023. Hun skriver også tekster og musikk til teater, og på bestilling fra ulike kor og ensembler.

Bilde til venstre: Alva Hamnøy sang dåpssalmen "Hellig vann" under minikonserten på Tysværdagen. Lars Røthe (t.v.) på perkusjon. foto: Eva Birkeland



Bokn kyrkje er 175 år

av Kyrkjeverge Jan Magne Moi

Kyrkja er sentral i Bokn og betyr mykje for boknarane. I generasjonar har folk samla seg i kyrkja, i glede og sorg. Soknerådet ynskjer difor å feire at kyrkja dette året blir 175 år.

11. september er sett av til jubileum og me har fått lovnad om at biskop Anne Lise Ådnøy blir med oss denne dagen. Dagen startar med Jubileumsgudsteneste kl. 11.00. I gudstenesta vil biskopen tale og det blir arbeida med å få til eit barnekor for dette høvet.

Etter gudstenesta blir det samling i Bokn Arena. Dette vil vere ei open samling med påmelding sidan det skal bli servert varmmett. Alt programmet er ikkje klart når kyrkjebladet går i trykken, men det blir innslag av lokale krefter; unge musikarar og Songtrioen. Det vert også arbeida med gjensyn av revy-innslag.

Følg med på Facebook, heimesida til kyrkjelyden og Bokn kommune. Oppdateringar vil kome der når jubileumsdagen nærmar seg.

Me vonar mange vil setje av tid til å vere med oss denne dagen. Det er god plass både i kyrkja og i Bokn Arena etterpå



Opprustingar

I høve jubileet, er det sett opp fleire prosjekt ein vil få gjort. Nye puter i benkene har blitt kjøpt inn. Dei gamle var det på høg tid å skifte ut. Dei store vindaugo i kyrkja måtte malast.

Samtidig kom det også veldig dyre straumrekningar. Det blir difor sett inn eit ekstra vindaugo på innsida av dei eksisterande for å redusere varmetap. I fjor vart kyrkja oppdatert med nytt lydanlegg. Me ynskjer at kyrkja skal bere preg av å bli tatt vare på.

Utvidelse kjøkken av Aksdal kyrkje

tekst: Terje Fjeldheim/ illustrasjon: Helgeland

Det har lenge vært behov for å utvide kjøkken i kirken. Allerede da kirken ble innviet i 1995 kom det kritikk på at kjøkken var for lite, og at det på sikt måtte gjøres noe med det. Nå er det 27 år siden og tiden er overmoden for å utvide kjøkkenet.

Menighetsrådet satte ned en prosjektgruppe til å utrede saken. Dette arbeidet er nå ferdig. Kirkens opprinnelige arkitekt Stein Jarle Helgeland ble satt på saken og har kommet frem med en god arkitektonisk løsning på tilbygg.

Utvidelsen kommer på sørsiden av kirka. Det kreves spesiell oppmerksomhet til utformingen som gjelder både utseende og materialbruk.

Både Førresfjorden menighetsråd og Tysvær kyrkjelege fellesråd har vedtatt å gjennomføre prosjektet, under forutsetning av at det kan finansieres.

Nå skal arbeidet gjennom diverse godkjenninger hos Tysvær kommune og Biskopen i Stavanger.

Kjøkkenet i dag er på ca 20 m2. Ved utvidelsen vil dette bli på 43,5 m2 inkludert frys og kjøll på 8 m2.

Det aller meste av arbeidet må utføres av fagfolk. Derfor blir dugnad begrenset.



Finansiering:

Prisen på prosjektet er beregnet til ca 4,4 mill kroner. Det er håp om offentlig støtte til dette. Det som gjenstår må menigheten skaffe til veie selv. Det kan gjøres på mange måter, ved givertjeneste, engangs gaver, basarer, sponsorer eller lån fra private eller banker.

Om dette går greit kan utvidelsen av kjøkken gjennomføres i løpet av 2023. Vi oppfordrer derfor menighetens medlemmer til å støtte opp om dette når prosjektet realiseres.

Prosjektgruppa har bestått av Maria Myge Kolnes, Sigmund Susort, Asbjørn Espeset og Terje Fjeldheim.



Ein blomstrande tur

Reisebrev frå kyrkjelydstur med Nedstrand sokn

tekst: Ester Åsheim/ foto: Dag Tormod Milje og Synnøve Bårdsen Lindanger

Eg står ved kyrkja så alt, alt for tidleg ein søndagsmorgon. Eg sender Gud ei stille takkebøn for all kosmetikk som er oppfunne. Særs den som gøymer trøtte augo og gamal sveitte. Det står eit skinnande raudt glis av ein buss der.

Utanfor bussen står ein smilande Dag Tormod Milje og ønskjer oss velkommen. Han står med avkrysningslista i handa som ein pedagog for å sjå at alle er på plass. Me rotar oss inn i bussen og set oss ned. Tek eit godt magadrag og er glad me rakk det. Rundt oss sit det mange både kjende og ikkje fullt så kjende andlet. Men alle ser ut som duggfriske fiolar og akkeleier og alle er klar til tur.

Me skal på blomstringstur til Hardanger, til fruktgarden til vår organist Steinar Alvsaker!

Elin og Daniel kjem ei stund etter oss. Eg smiler kjempemykje...det skjer aldri at nokon er seinare enn meg når me skal ut på ting og tang! Dette kan bli ein fin dag.

Turen svingar seg gjennom kjende landskap. Me vinkar hadet til Skjold, Ølen og Etne. Dansar nedover svingane til Odda og nærmar oss stader me ikkje visste fantes. Det er sol frå skyfri himmel så presten har fått eit tydeleg svar frå vår Herre om at dette blir ein velsigna, flott dag. Me får alle hugse å sende ei takkebøn i kveld.

Første stans er Agatun. Her får me ei oppleving av stand-up og undervisning på ein gong. Guidane er engasjerte og fortel på brei Bleie-dialekt om historiske og forhistoriske ting som ingen av oss visste om. Dei kunne fortalt skrøne etter skrøne viss dei hadde villa. Eg hadde trudd på dei uansett. Om det var dialekta eller engasjementet eller begge deler, det er eg ikkje heilt sikker på sjølv, faktisk.

Me fikk høyre om denne gamle vakre kulturstaden – og fikk sitte inne i Lagmannsstova frå 1220, den eldste bygningen i dette omfattande autentiske klyngetunet, og vi hørte lest frå Noregs eldste intakte rettsdokument som er herfra. Til og med i do-køen får me mykje spennande historie fortalt frå guidane før me vert delt opp i grupper. Me tutlar litt rundt og kikkar og tutlar litt rundt oss sjølve før me må reise.

Ferda innover Hardanger går vidare. Me kjører over fartsdumpar og kronglar oss gjennom svingar. Me ser på kvite fjell, turkis fjord med kisel-alger og nysprungne bjørketre oppover liene. Det sprett lam rundt på beiter og trøtte sauemødre kviler i vårsola. Eg trur alle og ein kvar føler dei har ramlar rett inn i eit turistkort frå Noreg. Heilt ærleg, det finns ikkje noko vakrare stad enn akkurat her og



Olaug Alvsaker gav hjerteleg velkomst og gode ord; "Gud Signe maten og praten."

no. Eg legg vekk mobilen ei stund og berre nyt ferda.

Me kjem fram til gudsteneste i vakre Utne Kyrkje. Steinar og Daniel Dossev spelar. Dei spelar som aldri før. Og orgelet har ein så djup og sterk lyd at me føler me er i ein katedral meir enn i ei kyrkje. Og Daniel trykkjer ekstra godt til på saksofonen. Dette er flott.

Og her sitt me og får delta i dette flotte og store. Ragnhild Alvsaker deltar med solosong. Me får være med i bønn og lovsong og takk. Me er heldige.

Turen går vidare til Steinar sin heim plass. På Vinbes bedehus blir vi tatt imot av hans mor Olaug som utstrålte smittande begeistring og glede. Borda var pynta med nystrokne lindukar, blommar og flott dekketøy av den gamle, gode sorten så ein skulle tru at det var kongens folk som skulle koma på vitjing og få servert betasuppe. Her var så mykje og så god mat at me til slutt vert sitjande og snodda. Snodda er det same som å småspise. Det er visst noko dei kun seier på Stord. Men det smakar så godt at ein vil ikkje slutte å spise. Ja, og då må ein berre snodda ei lita stund til.

Heile vegen innover mot Odda og Hardanger har me sett frukthagar i bløming. Rad på rad og gard etter gard med kvite og rosa blomster. No skal me spasere inn i dette riket sjølv.



Gudsteneste i Utne kyrkje

Me landar rett inn i det fine, rolege og mjuke. No står me der. I denne kvite, blømande frukthagen, med fleire tusen trær. Humler suser og biene summer frå blomst til blomst. Me ser og ser. Så fint Guds skaparverk kan visa seg i bløminga i Hardanger!

Mannen min Kåre har ein litt anna synsvinkel. Han ser på podingstad, tettleik, høgde og underlag. Steinar vert spurt om alt. Alt. Sortar, beskjæring, gjødsling, sanking, førebuing, lagring..... Eg tenker det må til eit kveldskurs for desse fiolane frå bussen. Dei er engasjerte og aktive. Og dei vil lære. Alt.

Med summing, susing og blomster på netthinna sig me attende til matfatet, frameis går me som sauer eller geiter i vegen men Dag Tormod har gjeve opp. Han let humla suse. Og det er kanskje like godt.

Me et. Igjen. Kaker, kaffi og litt meir kaker og kaffi. Fjorden ligg stille og sola skin. Å-å, kan eg ha det betre enn eg har det nå-å...?

Tida går fort i godt lag, men no må me byrje å tenke på vegen attende. Turen opp til Folgefonna skippar me grunna høge brøytekanter og lang buss. Men me stansar med Låtefossen og strekk på beina. Janne og ein til strekk ut tunga for å sjå om dei får litt fukt inn frå fossen. Men ingen resultat. Beina blir strekt og ferda går vidare til Åkerfjorden. Ny stans, ny foss. No er det Langfoss sin tur. Og påminning om fasiliteter. Lette på trykket.

Så sig me heim. Rundt Grinde. Men me kjem oss heim den vegen og. Det er godt. Nye relasjonar er sådd, nye felles opplevingar er fått. Dette gjer me gjerne igjen. Og då vil me at du skal vera med.

Gud Signe maten og praten. Tusen takk for turen.



Turfylgje benka til flott oppdekka bord på Visnes bedehus.



Dag Tormod gir Olaug, datter Hildegunn, svigerdatter Ragnhild og Steinar ei takk for fantastisk oppleving og velkomst.



Glimt frå dåpsskule i Nedstrand (**oppe til venstre**), Skjoldastraumen (**til venstre**) og Førresfjorden.
Bilde over: Diakon Synnøve underviser om påska.



7. klassingar på K/M-klubben

Som ein del av trusopplæringsplanen, blei alle 7. klassingar i Tysvær og Bokn sokn inviterte til Bli-kjent-kveld i K/M-klubben på Tysvær Soknehus.

Ca 30 av dei inviterte melde seg på, og til saman kom det 65 ungdommar denne kvelden. Været var på vår side, og idrettsaktivitetane kunne gjerast utandørs så lenge det var lyst nok til å sjå ballen.

Vi samla oss først til andakt, og deretter gjekk det slag i slag med matserving og mykje aktivitet både ute og inne.

Stemninga var god, og fleire ga uttrykk for at det hadde vore ein kjekk kveld.



Bilde til venstre: Styremøte i K/M-klubben for å planlegga Bli-kjent-kveld.



Minileir på Stemnestaden

av Ingrid Hustoft Landro

20.-22.mai kunne Stemnestaden endeleg igjen fyllast opp med born og vaksne som hadde gleda seg i vekevis til minileir.

Leiren er for born i alderen fire til sju år i fylgje med vaksne. Det var difor ei herleg aldersblanda forsamling samla denne helga når unge mødrer med barnevogn, spreke fedrer, godt vaksne bestemødrer, ungdommelege leiarar og fire- til sjuåringane fylte areala ute og inne med liv og røre.



Bilde over: Til kvar bibelsamling låg det noko spennande i skattekista. Kva i alle dagar har ein båt og ein gris med Bibelen å gjera?



Bilde over: Båtbygger Kørner lærer små bytbyggerar å bygga sin eigen båt.

Heile fire bibelsamlingar med andakt og song fekk dei med seg, i tillegg til teikning, bønnevandring, hoppe-slott, ball-leik, kiosk, naturbingo og båtbygging. I matsalen var utvalget av velsmakande rettar stort, så ingen gjekk sultne derifrå. Det var høg fart på syklane og vennskapeleg samhandling i sandkassen.

Nokre born kraup opp i fanget til romleiaren sin og andre lika seg best i vill fart på karusellen. At Stemnestaden er ein god plass å vere, var alle små og store einige om.

Vårens konfirmantar i Tysvær og Bøkn

Aksdal kyrkje

Lørdag 7.mai

Albert Espeland
Alexandra Sandsgård Schirru
Alexandra Vindenes Revheim
Andreas Kristoffersen Haugland
Camilla Osmundsen
Helene Grinde Fjellet
Kristoffer Nordal Amdal
Liva Hadland Stakkestad
Malene Kristofa Erland Aartun
Markus Jørgensen
Olav Aleksander Snare
Sander Rokstad Rolland
Sebastian Hansen Skår
Sondre Hettervik Gard
Tania Komram
Terje Fjeldheim Tindeland

Lørdag 7.mai

Aleksander Tvedt Langkås
Amalie Lilleaas
Amalie Havn Skrunes
Andrea Stakkestad Svendsbø
Benjamin Tjøsvoll Bøe
Bjørn Sjursen Talge
Celina Andreassen
Harald Jr Høyvik
Ingvild Hopland
June Gåsland
Kristine Rinden
Marie Håvås Dvergsnes
Mathias Wiig Hovda
Mia Berge
Noah Knudsen
Sigrid Søvik Nordahl
Teodor Gundegjerde Meling
Stine Gunderstad

Lørdag 7.mai

Adrian Gullhaug
Aleksander Kallevik
Andrea Bjørnsen
Anne Marie Søderlund Johannessen
Benjamin Tørresdal Skjoldevik
Emira Wee Førre
Helene Seljevoll Velde
Kristian Mosdal
Melina Hansen
Odin Strøm Tronstad
Ragna Strøm Tronstad
Vegard Eiken Spartveit
Vegard Rossebø Østensjø
Tuva Nesvik

Søndag 8. mai

Alfred Askeland Stakkestad
Daniel Høyvik
Elias Knutsen Toth
Hanna Høgestøl Askeland
Jan Liam Øvrebø
Kjell Magnus Fagerland
Noah Sætre
Oliver Vangen Solstrand
Serina Aksdal
Thea Hustveit Moe

Søndag 8. mai

André Høie Tønnesen
Benedicte Amdal-Pettersen
Emilie Sørtveit Lura
Emma Aileen Clinton
Hanna Aasen Førre
Maria Søvik
Martin Høie
Mathias Bringedal
Ole Kristian Huglen Pedersen
Pia Glette
Synne Tønnesen
Thomas Netland Amdal
Vida Førre Thuestad
Vilde Soma

Tysvær kyrkje

Lørdag 14. mai

Dorian Tangedahl Bakken
Jonas Bjørkheim-Erland
Irmelin Bådsvik
Vilma Lemel Fjeldheim
Gina Laurence Drivenes Hevrøy
Joakim Holberg
Rebecka Christin Hølland

Lørdag 14. mai

Mathea Tvedten Lønning
Karine Omdal-Jensen
Solveig Førland Rossebø
Jakob Rikstad Skogøy
Kjetil Hovda Skåren
Elisabeth Storhaug
Tobias Vesterøy

Søndag 15. mai

Magnus Askeland
Martin Auestad
Egil Frøyland
Amanda Torgersen Kaldheim
Ingrid Johanna Kallekott
Kevin Aursland Miljeteig
Sean Elliot Rafols Paudel

Bøkn kyrkje

Søndag 8. mai

Johannes Grønnestad Alvestad
Sofie Alise Grønnestad
Ole Christian Hervik-Aksdal
Ole Magnus Aspenes Pedersen
Cato Hetland

Skjoldastraumen kyrkje

Søndag 1. mai:

Oliver Gjedrem
Eirik Eikje Maurangsnes
Elias Kallekott
Daniel Tørresdal
Mathea Økland Nedrebø
Sigurd Emil Helgesen
Didrik Tørresdal Hope
Marius Halvorsen
Mari Åsheim
Inge Andreo Waage Eriksen

Nedstrand kyrkje

Søndag 8. mai

Thea Askvig Bjørnsen
Emma Lilleskog
Åselin Aursland Sandvik
Robert Johan Amdal
Dennis Lars Gissberg
Kristoffer Fitjar
Tobias Bustad Alsaker
Emma Aurora Hansen
Elina Kvam
Thea Malene Rødne
Julian Knutsen

Konfirmantopplæring 2022-2023

av Marit Sofie Teistedal Vikre

Nå er tida inne for påmelding til konfirmasjon for neste år.

Det blir konfirmantopplæring i Førresfjorden, Skjoldastraumen, Nedstrand, Bøkn og Tysvær. Nokre av kyrkjelydane har informasjonsmøte i mai/juni, andre sender brev og gir nærare informasjon til hausten.



Nokre av årets konfirmantar. foto Marianne Fjeldheim

Førre søndagskole ved Gapahuken

tekst: Hartvig Waage/foto: Gro Waage

Første søndag etter påske handler ofte bibelteksten om da Jesus møtte disiplene ved Genesaretsjøen etter oppstandelsen. De hadde fisket hele natta, men ikke fått noe.

Da sto Jesus der på stranda og sa at de måtte kaste garnet ut på høyre sida. De lurte nok på om det virkelig var Jesus som viste seg for tredje gangen? Nå fikk de mye fisk, hele 153 stk., men garnet revnet ikke.

På stranda glødet bålet og det ble stekt både brød og fisk. Da Jesus gav dem å spise, skjønnte de at det var Herren.

Førre søndagsskole hadde denne bibelfortellingen som tema da små og store møttes ved Gapahuken ved Stakkestadvatnet.

Etter fortelling og påskesanger skulle garna trekkes opp på brygga.



Bilde over: Stor spenning på garntrekking.

Dei kommande konfirmantane må fylle ut påmeldinga på kyrkja si nettside. Påmeldinga opnar på www.tysvaerkirken.no ca 10.juni.

Konfirmantopplæringa er for alle som ynskjer det. Difor vil vi legge opp til tilpassa opplegg for dei som treng det. Ta kontakt om det er aktuelt! Vi legg til rette for dåp for ungdommar som ikkje er døypte. Oppstart av nytt konfirmantår blir i august/september.

Har du spørsmål kan du ringe kyrkjekontoret for nærmare opplysningar: Tlf: 52 75 77 00.

Velkommen til eit nytt konfirmantår!

Konfirmasjonsdatoar våren 2023

Bøkn kyrkje: Søndag 14.mai

Aksdal kyrkje: Laurdag 6. og søndag 7. mai

Tysvær kyrkje: Laurdag 6. og søndag 7.mai

Nedstrand kyrkje: Søndag 7.mai

Skjoldastraumen kyrkje: Søndag 14.mai



Bilde over: Jakob, Jakob og Helleik følger spent med på garntrekking.
Bilde under: Dette smakte ikke så verst!



Mange fulgte intenst med da 72 aurer ble trukket opp. Så ble det sløying og tilbereding med folie, krydder og smør på grillen.

Mange fant ut at auren faktisk smakte godt med tilbehør. Mange gutter og jenter (og kanskje voksne) fikk seg en nyttig leksjon i sløying.

Men det viktigste var at vi igjen fikk høre om påskeunderet, at Jesus er oppstanden; Ja, han er sannelig oppstanden!

Meir “Musikk i Sommarkvelden” i Nedstrand kyrkje

For tredje år på rad blir det små, sommarslege konsertar i Nedstrand kyrkje onsdagar i juli.

Først ute, onsdag 6. juli kl 20.00, er Tom Roger Aadland, som svært mange på Haugalandet har eit nært og kjærte forhold til. Me gler oss over at han vil ta turen for å gi oss ei god blanding av sommarlette og meir ettertenksame songar.

Programmet for dei andre konsertane er ikkje heilt på plass når bladet går i trykken, så følg med på plakatar og sosiale medier.

NB! Det er ikkje billettsal, men vipps direkte ved oppmøte.

Ha ein god musikalsk sommar!

arrangør Nedstrand kyrkjeforum





Frivillighetspraten: Øyvind Skogøy

Dette året, "frivillighetens år", tar vi en ekstra prat med noen av ildsjelene i kirkene i Tysvær. I dag skal vi til Tysværvåg. Nærmere bestemt til menighetshuset, Soknehuset.

Like inn forbi døren møter undertegnede Øyvind Skogøy. Man merker fort at både smil og latter sitter løst hos denne karen. Han er en av mange som har markert seg som frivillig i arbeidet rundt kirken og Soknehuset i Tysværvåg.

Kateket i Tysvær, Marit Sofie, som også er på Soknehuset denne dagen, setter frem en kaffekanne og en kopp til Skogøy.

Undertegnede vet ikke så mye om Skogøy fra før, bortsett fra at han er aktiv i frivillighetsarbeidet i kirken i Tysvær. Så det passer å starte med litt fakta:
-Øyvind Skogøy, 1964 modell
-Yngst av 11 søsken
-Født opp oppvokst på Hundsnes i Tysvær
-Kone og tre barn, bosatt på et småbruk på Bustø/ Susort i Tysvær

-Jobber som mekaniker på Rolf Wee transport
-Aktiv i speideren, og kirkelig arbeid i Tysværvåg
-Har hjerte for soknehuset og frivillig arbeid
-Foretrekker oppvasken fremfor å lede et møte

Syklubb for gutter

Den muntre mannen som sitter godt plassert i den blå 80-talls sofaen med kaffekoppen i hånden, begynner å fortelle litt om småbruket sitt på Susort. De har 18 sauer. Siden Skogøy liker å prøve nye ting, har han siste året begynt å spinne ull på rokken hjemme. Det tar et par kvelder før det blir tråd. Men han stopper ikke der.

-Til nå har jeg klart å strikke to luer ut av det, sier han fornøyd.

Han forklarer at man ikke får så mye for ulla man leverer nå. Og om strikkeegenskapene er et resultat av at han trofast gikk i syklubben til samemisjonen for gutter, på Hundsnes som liten, er han usikker på.

tekst og foto: Katrine Eide

-Vi lekte indianer i skogen også, forsikrer han.

Men de måtte dra 7-8 km inn til Hervik for å få andre fritidstilbud enn denne syklubben som ble drevet av to driftige damer.

Tar seg tid der det trengs.

Med småbruk, oppussing, båt, biler å skru på, to barn hjemme på 13 og 14 år, en kone på jevnlig kreft-behandling (snart ferdig, og snart frisk), leder i Speideren og full jobb på Rolf Wee transport, får han likevel tid til å si «ja» til det meste av frivillig arbeid han blir spurt om i kirkelig sammenheng og ellers. Dette er en mann som tar seg tid, der det trengs.

-Hvor kommer denne mentaliteten din fra tror du?

Øyvind drar på det.

-Jeg er jo vant med dette hjemmefra.

Alle var med «på alt» av aktiviteter som skjedde på bedehuset. Han forteller at faren hans drev

søndagskolen i bygda, og moren hans hadde syforening for unge jenter.

I dag er bedehuset på Hundsnes lagt ned, i likhet med mange andre bedehus i Tysvær. Bedehuset har blitt hytte, og pengene har gått inn i Soknehuset, som er hele Tysværvågs «storstue». Der viderefører han familiens «ildsjel ånd» gjennom sitt engasjement.

Søndagsdrøsen

-Hva er egentlig ditt engasjement, hva driver deg til å hjelpe til?

-Jeg brenner litt for å få flest mulig folk innforbi dørene på Soknehuset. Går man på et arrangement, så er det lettere å gå på et annet. Det er viktig med lav dørterskel.

Selv står Skogøy i «bresjen» for Søndagsdrøsen». Det startet han opp med for 2-3 år siden. Han innrømmer at han ikke er så god å huske detaljer, så akkurat hvilket år det begynte er vanskelig å si.

Søndagsdrøsen er et uformelt tilbud på Soknehuset hver første søndag i måneden, kl.19.00. Det er for alle, men det er hovedsakelig voksne og eldre som kommer. Der lager den engasjerte mannen vaffelrøre til alle som tropper opp. Og det er alt fra 10 til 15 mennesker hver gang.

-En gang var vi opp mot 30 stykker. Og en gang kom det ingen, forteller han.

Da måtte han spise vaflene selv.

-Jeg fikk hjelp av kona og ungene da, og de hjelper til å steike vaflene hver gang, ler han.

På søndagsdrøsen kan han fortelle at det utenom vafler og kaffe bare er «drøs». Der snakker man om løst og fast. Om Ukraina, om livet generelt; det er helt uformelt.

-Poenget er å ha et sted å føle seg hjemme, der man kan komme og gjøre ingenting, forklarer Skogøy muntert

I tillegg til å ha Søndagsdrøsen, er Skogøy med å lede og organisere

speideren, han er med å arrangerer soknehusbasaren, sitter i soknerådet for 3. år på rad, koker kaffe, rydder og er ikke få ganger å se i oppvasken på Soknehuset.

-Jeg syns det er helt greit å vaske opp. Jeg er god på praktiske ting. Jeg liker å stå å preike litt «sjit», smiler han.

En ja-mann

-Det er vanskelig å be deg skryte av deg selv, men vet du noe andre sier om deg, som du kan fortelle? spør undertegnede

Øyvind tenker seg om før han kommer på en episode. På soknehusbasaren i år, så stod jeg i oppvasken da to damer kom inn. Noen spurte dem om de kunne hjelpe til med noe. Da svarte damene: «Øyvind sier jo alltid «ja», så da må vel vi også», gjenforteller han

-Det var jo et slags indirekte kompliment til meg, som jeg beit meg merke i. Det var hyggelig å høre at noen har lagt merke til at jeg «trår til»

Øyvind forteller at hvis det er noe som trengs, og det er viktig, så sier han alltid ja. Om det er å stå i oppvasken, eller hva det er. Men han innrømmer at han trives bedre å jobbe i «kulissene» enn å stå fremme å lede et møte.

- Så du sier ja til alt?

- Ja. Det kommer kontant fra den lattermilde mannen.

- Så lenge noen trenger hjelp. Jeg prøver alt jeg kan og ta meg den tiden det trengs, selv om jeg er en travel mann fra før.

-Hva driver deg til å si ja?

-Jeg brenner for at Soknehuset og kirken er oppe og går, svarer den positive tysværbuen

Folk må bli kjent med kirken på en god måte. Det er det som er hele poenget, og som driver han, forklarer han engasjert. Han forteller at det sjelden var barn i kirken når han var liten, da det ikke var så mye aktiviteter for barn den gangen. Men han var med foreldrene til kirken og tok kirkebussen fra Hundsnes. Nå vil han at det skal bli en plass for alle.

Folk kan ikke klage uten å bidra
-Merker du noen endringer med tanke på frivillighet blant folket opp gjennom årene?

-Tja. Folk har det travelt «nå til dags». Med jobb og unger. Men allikevel sier noen alltid «ja», vil jeg påstå

Øyvind tror at det ofte er de samme som sier «ja», og de samme som sier «nei». Men han mener at folk generelt er flink å bidra som frivillig. Og at det er greit å både si «ja» og «nei».

-Men da kan de ikke sitte hjemme å klage hvis det ikke skjer noe.

Skal en klage må en engasjere seg litt først, mener Skogøy.

Han synes det er vanskelig å si om det har vært en generell endring i forhold til frivillighet i samfunnet. Men han tenker at det er veldig viktig at folk jobber med det de brenner for, og ofrer litt tid på det. Det er ingenting som skjer av seg selv hvis en vil ha litt aktivitet rundt omkring, fastslår han.

Frivillighet er viktig

Det å ofre tid for noe en brenner for gir en mye også, forklarer Skogøy.

-Det er godt å få komme seg ut og «klarne tankene». Det kan være stress på jobb, eller hjemme, og et avbrekk fra hverdagen er uansett bra, forklarer småbrukeren fra Susort

Han forsikrer undertegnede om at han har det godt hjemme, men skal du se hvor godt du har det må du også være andre plasser. Han tror at det er en fare for at man kan bli for «firkantet» i tankegangen, om en ikke går ut av daglige rutiner og snakker med andre folk, og hører deres syn på ting.

- Tanker for frivillighetsarbeidet generelt fremover?

Skogøy forklarer at han ikke er så filosofisk av seg. Han sier at han «tutler» med sitt, og at det er viktig for han å få folk til å komme på Soknehuset.

fortsetter neste side...

- Men det med å være god på frivillighet er voldsomt viktig, fortsetter han

Det er lettere å si ja til ting en kan, så det kan være lurt å spør folk om det de er god på. Man må heller ikke være så redde for å be folk om hjelp, uansett om de går i kirken eller ikke, mener han.

- De fleste har nå en tilknytning til kirken enda, gjennom dåp, vielse og konfirmasjon, om ikke annet.

- Men kan det hende at det kan være vanskelig for noen å si nei?

- Jeg tror at folk setter pris på å bli spurt. De fleste liker å gjøre noe, mener Skogøy

Skryt fra kateketen i Tysværvåg Marit Sofie kommer inn med en skål med twist. Noe både undertegnede og Skogøy er glad for. Undertegnede benytter anledningen til å spørre den like engasjerte kateketen om hun har noen gode ord å si om Øyvind Skogøy og frivillighet.

- Hvis Marit Sofie spør, da sier jeg "ja" kommer det lattermildt fra Skogøy.

Og Marit Sofie har ikke problem med å ramse opp godord om sidemannen:

-Han er til å stole på 100%

-Øyvind er et «ja-menneske»

-Han er enkel å samarbeide med

-Han er positiv

-Om ikke noen andre trør til, så gjør han det

-Han er ansvarsfull

-Hvis noe ikke fungerer, da er Øyvind på plass. Kanskje noen folk mangler, eller noe er feil på en gudstjeneste. Da stiller han opp, om det så er som kirkevert.

-Øyvind er også inkluderende. Han tar folk på alvor, sånn som de er.

- Stemmer ikke det Øyvind? spør Marit Sofie

- Hm jo, jeg er vel lært opp til det, responderer mannen som nå blir skrytt opp i skyene av kateketen i Tysværvåg



Marit Sofie Teistedal Vikre har mange lovord å si om Øyvind Skogøy.

Øyvind forteller at han ble «tidlig krøket». Som liten ble de sendt rundt til naboer for å selge både lodd og julehefter. Og selv om noen var kjent for ikke å kjøpe, så er han lært opp til at alle skal få en sjans. Så de gikk til alle og enhver.

- Jeg mener egentlig det er å respektere folk, forklarer Øyvind

Marit-Sofie forklarer at hun kjenner seg igjen. Hun sender også ut invitasjoner til alle, uansett om de pleier å komme eller ikke. Så kommer hun på en liten episode om Øyvind hvor hun fikk en liten tåre i øyekroken.

- Det skulle være nattverd i kirken på en gudstjeneste. En gjeng med ungdommer satt bakerst, forteller Marit Sofie

Hun lurte på om hun kanskje måtte gå bak og prøve å få de med seg frem. Men så ser hun plutselig at Øyvind kommer frem med hele gjengen.

- Det var fint å se. Øyvind er så inkluderende, forklarer hun

Øyvind smiler og sier at han tar folk på alvor.


- Hvis de ikke ville blitt med opp hadde jeg tatt det også på alvor

Marit Sofie forklarer at hun skulle ønske hun hadde møtt moren til Øyvind. Hun som tross alt ga grobunn for det som har vokst frem i Øyvind, og har fått spire i miljøet rundt kirken i Tysværvåg.

- Hun hadde jo 11 barn, og en dugnadsånd som få. Hun var med å drev småbruk, og var mye frivillig på Stemnestaden, forklarer Marit Sofie, som også poengterer at broren til Øyvind, Jostein, har utmerket seg på Soknehuset, hvor han fungerer som en vaktmester

Det er på tide å avslutte og ta turen hjem. Øyvind skal hjem å lage middag. Og det betyr nesten alltid minst to retter pga ulike dietter de må ha.

Undertegnede forstår at dugnadsånden er på plass hjemme også, og takker for intervjuet.



Frivillig bladkontingent 2022

Me vonar at du set pris på å få Kyrkjetonar i postkassen med jamne mellomrom. Ein stor del av finansieringa av drifta kjem frå frivillig kontingent og gåver.

Den frivillige bladkontingenten er kr. 200,- men det er høve til å betala eit større beløp. Dette vert då ført som gåve i rekneskapen.

Abonentar utanfor Tysvær og Bokn som ynskjer å få bladet tilsendt, må i tillegg til å betala kontingenten, gi beskjed til kyrkjekontoret slik at dei kan skrivast opp på utsendingslista.

Du kan betala til kontonummer 3240.17.27697 eller VIPPS-nummer 523083

Ei stor takk til deg som bidreg til drifta av Kyrkjetonar!

Betal til kontonummer

3240.17.27697

merk betalinga "Kontingent Kyrkjetonar"



**Her kan du
betale med
vipps**

523083

Vipps-nummer



Bilde til venstre:
Ungdommane tek seg av opningssong og lystenning.

Palmesøndagskule på Vatland bedehus

tekst: Anne Marie Leth/foto: Brita Cecilie Leth Harboe



Tenk at så mange små og store møtte opp då me dette året igjen kunne ha Palmesøndagskule på Vatland Bedehus!

Her er litt bildeglimt frå påskevandringa. Palmesøndagskulen vart avslutta med utlodning og pannekaker.

Pengene gjekk til misjonsprosjektet som Søndagskulen og Fredagsklubben på Vatland støttar; Skule for blinde og svaksynte på Madagaskar.

Takk til alle som var med!

Palmesøndag:
Påskevandringa er i gang. Ungdommar og søndagskuleborn hjelper til og orienterer ved stasjonane. Her er teikne- og puslebordet ved første stasjon.



Skjærtorsdag:
Skjærtorsdag baud på litt av kvart: fotvask, påskemåltid med smaksprøvar, Getsemane.



Langfredag:
Langfredag syner krossen og minner om kva det betyr for oss at Jesus gav livet sitt.




Påskedag:
Grava er tom - Jesus lever!
Lys og glede! Masse blomar! Takk for at Jesus lever i dag!



Etter påskevandringa:
Tid for å dekorera. påskeegga. Egget symboliserer nytt liv og evig liv!

Nye, aktuelle bøker



Reisen hjem
Liv Toril Rinding Skjeggstad
Proklamedia 2020

“Reisen hjem” er ei sterk og medrivande misjonsfortelling. Som nygifte reiser Toril og Arne Rinding til Kenya og drøymar om ei lang og begivenhetsrik teneste for Herren. Slik skulle det ikkje gå. Etter kort tid blir Arne alvorleg sjuk. Alt blir snudd opp-ned. Ei 25 år gammal jente og nybakt mamma frå Trysil står plutselig midt oppi sitt livs drama.

Boka er prega av ei tru som nektar å gi opp, av spørsmål som ikkje finn svar og av bønner som ikkje blir besvart. Ei kvinne står ribba tilbake og eit barn mista far sin.

I over 40 år har Toril bore på denne historia utan å skrive den ned. Men nå var tida inne. Bli med på ei reise der håp, fortvilning, tru og tvil vert fletta saman til eit sterkt band som held henne fast gjennom alt som skjer.

Gud- hvorfor sover du?
Leif Andersen
Lunde forlag 2022

Hvis Gud er allmektig, står han da bak alt det som skjer i verden? Står han også bak det som er vondt i mitt liv? Kven har skyld i lidelse?




Spørsmålet er stilt gjennom alle tider. Den erfarne teologen og sjelesørgeren Leif Andersen tar med seg dette problemet sine mange vanskelige og viktige betraktninger til Bibelen. Svare han møter er tankevekkende – og frigjerande.

Denne boka er ei samla utgjeving av Leif Andersens *Gud hvorfor sover du?* (1987) og *Når Gud er taus* (2014) – den siste for første gang i norsk språkdrakt. Det er ikkje på Andersens agenda å forsvare Gud. Han tek mennesket sin smerte på ytterste alvor og berettiger dei fortvilte sine rop. Samtidig besinner han seg, lyfter hovudet og lyttar etter Bibelens Gud der han åpenbarer seg i sitt grensesprengande evangelium.

Leif Andersen er lektor i praktisk teologi på Menighedsfakultetet i Århus.

Broder Andreas
Guds hemmelige agent
Janet og Geoff Bengé
Proklamedia 2022

«Herre, gjør seende øyne blinde», ba Andreas då to grensevakter kom ut frå vakthuset og gav han beskjed om å gå ut av bilen. Den eine vakta opna kofferten til Andreas. Vakta flytta nokre skjorter til side, og der, heilt åpenlyst, låg haugen med traktater om



evangeliet. Andreas blei klam i håndflatene. Ein person som vart tatt med slikt materiale i bilen, ville bli arrestert på flekken.

Broder Andreas var ikkje ukjent med farer når han blei Guds smuglar. Som gutt var Andreas van der Bijl med i den nederlandske motstandsbevegelsen. Og som ung mann kjempa han i kolonien Nederlandsk India, dagens Indonesia – heilt til krigen sine grusomheter gjorde eventyraren til ein nedtrykt alkoholikar. Men etter eit møte med Gud vart Andreas ein våghals som brakte håp. Han smugla Bibelen over stengte grenser og hjalp forfulgte kristne bak Jernteppet.

Broder Andreas sitt arbeid gjennom organisasjonen Åpne Dører sender framleis Guds Ord til land som er stengt for evangeliet. Lett og gripande skrive, passar for ungdom og vaksne.

Boka er ein del av serien «Kristne helter» som er basert på historiske personar sine liv.

Fekk du lyst å lese ei eller fleire av desse bøkene?
Bestill dei gjerne gjennom biblioteket, eller- om du har eit nasjonalt lånekort- bestill lånet sjølv via bibsok.no

Preiketekstane - sommaren 2022

Søndag 29. mai	Søndag før pinse	Joh 16,12-15 Når sannhetens Ånd kommer
Lørdag 4. juni	Pinseaften	Joh 7,37-39 Ånden var ennå ikke kommet
Søndag 5. juni	Pinsedag	Joh 14,23-29 Løfte om Ånd og fred
Mandag 6. juni	2. pinsedag	Joh 7,37-39 Elver av levende vann
Søndag 12. juni	Treenighetssøndag	Luk 24,45-48 Tilgivelse for folkeslagene
Søndag 19. juni	2. søndag i treenighetstiden	Joh 3,1-13 Jesus og Nikodemus
Fredag 24. juni	Sankthansdagen / Jonsok	Joh 1,1-8 Johannes skulle vitne om lyset
Søndag 26. juni	3. søndag i treenighetstiden	Mark 10,13-16 Jesus og barna
Søndag 3. juli	4. søndag i treenighetstiden	Matt 9,35-38 Høsten er stor
Søndag 10. juli	5. søndag i treenighetstiden	Matt 18,12-18 Sau på villspor, bror som synder
Søndag 17. juli	Aposteldagen	Mark 3,13-19 Jesus kaller de tolv
Søndag 24. juli	7. søndag i treenighetstiden	Mark 5,25-34 Hun som rørte ved Jesu kappe
Fredag 29. juli	Olavsdagen / Olsok	Luk 22,24-27 Hersker eller tjener
Søndag 31. juli	8. søndag i treenighetstiden	Mark 12,28-34 Du skal elske Gud og din neste
Søndag 7. august	9. søndag i treenighetstiden	Luk 6,36-42 Døm ikke
Søndag 14. august	10. søndag i treenighetstiden	Mark 11,25-26 Far tilgir som dere
Søndag 21. august	11. søndag i treenighetstiden	Joh 8,31-36 Virkelig fri
Søndag 28. august	12. søndag i treenighetstiden	Joh 4,27- 30.39-43 Kvinnen som vitnet
Søndag 4. september	13. søndag i treenighetstiden	Joh 15,13-17 Jeg har satt dere til å bære frukt
Søndag 11. september	Vingårdssøndag	Matt 19,27-30 Forsakelse og lønn

Basar med grilling

av Synnøve Bårdsen Lindanger

Fredag 20. mai var det grilling av pølser og heimalaga karbonadar utfør Soknatun. Rundt femti personar møtte opp til kjekke timar med lodd og åresal!



Jorunn Baustad song og Dag Tormod Milje holdt andakt etter at me hadde kjøpt lodd og forsynt oss med god kaffimat!

Kanskje me må ha sommarfest neste år også? Dette var det meiningar om! Kanskje det blir ein stor basar til hausten og ein sommarfest i byrjinga av juni? Åresal med mange spennande gevinstar og gode grillmat.

Så kva som skjer til neste år – ja det ser me med glede og spenning fram til!



Takk for gåva til Tysvær soknehus ved Johannes Lønning si gravferd.

Tysvær soknehus

Neste nummer kjem i postkassen ca. 23. september
Frist for stoff til nr 3/2022: 2. september 2022

Send reportasjar, informasjon, møtetidspunkt o.l. til redaktør Ståle Hustoft, Nedstrandsvegen 1488, 5560 Nedstrand. e-post: hustoft@hustoft.net. Mob: 900 26 142

Gjennom livet

Døpte

Nedstrand kyrkje

17.04 Ingeborg Sofie Espeland Costache

Skjoldastraumen kyrkje

20.03 Lucas Skorpe Frøystad
 03.04 Oliver Grongstad
 03.04 Leo Hetland Skottheim
 03.04 Tobias Nordgård Steine
 24.04 Chris André Ferrer Breiteig

Aksdal kyrkje

13.03 Lauritz Vestvik
 27.03 Sonja Louise Waage Eriksen
 27.03 Tuva Lund
 03.04 Leonora Kallekødt
 03.04 Tania Komram
 03.04 Marlon Hetland Münzer
 21.04 Tuva Nesvik
 24.04 Nora Lyngholm Dybevik
 30.04 Alma
 Sørensen-Lundberg Løland
 Emily Karlsen Brotherton
 Elli Odland Poulsen
 08.05 Hector Østhus
 22.05 Pia Våge Dalva
 22.05 Luna Haakull Hetland
 22.05 Mathilde Huglen-Korneliussen
 22.05 Aslak Bakken Mogleiv

Førre kirke

10.04 Solveig Karina Halsne
 10.04 Kristoffer Johan Kolnes
 10.04 Leah Lillesund
 10.04 Emilie Skogland

Bokn kyrkje

20.02 Noah Kathenes Nilssen
 10.04 Henry Sildelid Grønnestad

Tysvær kyrkje

27.03 Severin Hidle Alvseike
 27.03 Ingrid Johanna Kallekødt
 03.04 Liam Helgeland
 15.05 Ludvig Ole Niklasson

Vigde

Tysvær kyrkje

16.04 Silje Jensen og Kristian Søndena
 14.05 Vivian Kyte og Robin Inge Hansen
 14.05 Alf Martin Salte og Evy Anita Nordbustad

Jordfesta

Førre kirke

25.03 Jenny Marie Vesterager Ebne
 05.04 Knut Gunnar Mikkelsen
 08.04 Guri Lien
 12.04 Paul Peder Alne
 19.04 Haldis Tveit

Bisetting:

18.03 Aslaug Josefine Lothe
 25.05 Lillian Eskevik

Tysvær kyrkje

15.03 Inger Judith Østensen
 29.03 Gudrun Hettervik
 29.03 Magnus Vesterøy
 07.04 Henry Askeland

Bisetting:

25.02 Odd Erling Toven

Nedstrand kyrkje

25.03 Svein Harald Bjørnsen
 21.04 Otto Arnfinn Sjølyst
 21.04 Karen Marie Løe

Bokn kyrkje

19.04 Sigfrid Alvestad
 19.04 Sigrid Jøsang
 21.04 Magne Johan Jøsang
 29.04 Anbjørn Bokneberg
 03.05 Norunn Lovise Jordbrekk

Hvordan har du det...

EGENTLIG?

Krisetelefon 22 40 00 40
 SOS-Melding: www.kirkens-sos.no
 SOS-Chat: www.soschat.no

Kirkens SOS
 ET MENNESKE Å SNAKKE MED
 NÅR LIVET ER SOM VERST

Stell av gravplasser i Tysvær

AOI
 Arbeid og Inkludering

avdeling Vepre

Tlf: 93 21 66 79/ 52 75 88 60

Velkommen til kyrkje



Aksdal kyrkje

29. mai kl.11.00

Gudstjeneste

5. juni kl.11.00

Gudstjeneste. Pinse

12. juni kl.11.00

Gudstjeneste.

26. juni kl.13.00

Gudstjeneste

10. juli kl.11.00

Gudstjeneste

7. august kl.11.00

Gudstjeneste

28. august kl.11.00

Gudstjeneste

Tysvær kyrkje

5. juni kl.11.00

Fellesgudstjeneste med Bokn. Pinse.

26. juni kl.11.00

Gudstjeneste

17. juli kl.13.00

Gudstjeneste

31. juli kl.13.00

Gudstjeneste

14. august kl.19.00

Jazmesse

4. september kl.11.00

Gudstjeneste med
konfirmanthandling

Nedstrand kyrkje

5. juni kl.11.00

Pinse gudstjeneste

12. juni kl.13.00

Gudstjeneste. Dåpsskule.

19. juni kl.11.00

Friluftsgudstjeneste på Leirung

10. juli kl.13.00

Gudstjeneste

31. juli kl.11.00

Gudstjeneste

14. august kl.11.00

Gudstjeneste

28. august kl.11.00

Gudstjeneste

4. september kl.11.00

Gudstjeneste

Førre kirke

19. juni kl.11.00

Gudstjeneste

24. juli kl.11.00

Gudstjeneste

21. august kl.11.00

Gudstjeneste

25. september kl.11.00

Gudstjeneste

Bokn kyrkje

12. juni kl.11.00

Friluftsgudstjeneste på Alvestad
Nærmiljøanlegg, felles med Tysvær

3. juli kl.11.00

Gudstjeneste

24. juli kl.13.00

Gudstjeneste

14. august kl.13.00

Gudstjeneste

28. august kl.11.00

Gudstjeneste med presentasjon av
konfirmanter og gullkonfirmanter

11. september kl.11.00

Jubileumsgudstjeneste Bokn kyrkje
175 år. Besøk av biskop Anne Lise
Ådnøy.

Skjoldastraumen kyrkje

5. juni kl.13.00

Gudstjeneste

12. juni kl.11.00

Gudstjeneste. Dåpsskule.

3. juli kl.13.00

Gudstjeneste

17. juli kl.11.00

Gudstjeneste

7. august kl.13.00

Gudstjeneste

21. august kl.11.00

Gudstjeneste